

REISEBREV FRÅ FRANKRIKE

Av Jon Furholt

Frankrike er eit land med ein lang tradisjon for akademia, for tenking og for filosofi, og republikken har minst like lang tradisjon for kritikk, protest og revolusjon. På same måte som Descartes sitt avgjerande bidrag til filosofien med ein radikal dualisme er Frankrike eit tvikløyvd land der det finst eit skarpt skilje mellom makt og folk, mellom kultur og pøbel og mellom tradisjon og revolusjon. Og på same måte som all fransk filosofi etter Descartes har vore meir eller mindre eksplisitte posisjonar vis-à-vis det kartesianske prosjektet må me sjå tvikløyvinga i det franske samfunnet som eit intrikat system av rørsle og motsetnad, eit lappeteppje av maktdynamikk og intellektuell refleksjon. Når eg no skriv eit reisebrev frå Paris er det som student. Eg studerer fyrste året av ein mastergrad i politisk og etisk filosofi ved det berømte og respekterte, men akk så utskjelte, Université de Paris IV, best kjent som la Sorbonne. Som studerande i fransk politisk filosofi ser me at dualismen i det franske samfunnet kjem til uttrykk i filosofien og i universitetslivet like mykje som i samfunnet elles, som eit møte mellom det radikale og det konservative. På den måten er reisebrevet mitt ikkje ei historie om ein utlending sitt møte med eit rart akademisk system eller om lærdommar eg kan ta med meg til fedrelandet, men det er historia om det franske, det radikalt konservative og det konserverande radikale.

Då den vesle mannen, som seinare berre vert kalla «Sarko», steig opp i presidentstolen i 2007 vart det snart klart at det franske systemet skulle endrast, samfunnet skulle effektiviserast og akademia skulle måtte ta den samtidige, globaliserte verda på alvor. Reforma LRU, *loi relative aux Libertés et Responsabilité des Universités*, er ei liberalisering i god Bologna-ånd der universiteta skal drivast som ei bedrift, der universiteta får ein utvida økonomisk autonomi og dermed òg ansvaret for at reiknskapet går opp, koste kva det koste vil. Dette tyder at stadig større delar av inntekta til eit universitet må kome gjennom mellom anna utleige av lokale, ekstern finansiering, høgare skulepengar og så vidare. Reaksjonane lét ikkje vente på seg og dei franske studentane oppfatta reforma som eit grovt åtak på den

akademiske fridomen og det kritiske sjølvstendet som er fundamentalt for eit akademi. Vinteren og våren 2009 vart på mange måtar eit kampsemester der kvardagen min var bygd opp av ei veksling mellom intens lesing på Sorbonne sitt ærverdige bibliotek på den eine sida – og barrikadar og demonstrasjonstog på den andre – politisk kamp og filosofi gjekk såleis hand i hand og kunne ikkje skiljast: Det vart ein kamp om å ta vare på ein plass der me reflekterer over politisk handling og korleis me kan kjempe nett den kampen. Eg gjekk altså frå gata til lesesalen, frå slagord til ordstrid, og attende. Me stod saman, me var sterke og me var overtydd om at styresmakta måtte vike.

I midten av mai fell rørsla saman. Me hadde streika og blokkert, me hadde stått skulder ved skulder med professorar og reinhaldspersonale, men etter fleire månader hadde me ikkje oppnådd noko av det me ville, mediedekkinga hadde vorte redusert til ein marginal notis på side 7; Sarko var for sterk.

Mykje av problemet var at det kraftigaste våpenet studentane hadde var streiken og blokaden, men fordi universitetet ikkje er ein profittgenererande institusjon så klarte dei ikkje å presse samfunnet nok til at det ville reagere – snarare tvert om. Sarkozy, med sin forakt for dei humane og kritiske vitskapane, *sparte* pengar på ein universitetssektor i streik. Han kunne berre lene seg attende og vente til studentane hadde rast frå seg og til dei stod att overfor tapte semester og tomme vitnemål, før det bar attende til det gamle, eller på sarkozysk: det nye. Studentane sitt våpen hadde rusta sidan 1968 og trefte ikkje samfunnet der det gjorde vondt.

Dette siste poenget tek meg vidare til ei anna historie som spelar seg ut i bakgrunnen av, og parallelt med, universitetsstreiken, ei historie der eg ikkje lenger er ein aktør, men berre ein tilskodar. Det er historia om Julien Coupat. Den 35 år gamle mannen flytta i 2005 med eingruppe vener, fleire av dei studentar ved Sorbonne, til den vesle provins-landsbyen Tarnac i det sentrale Frankrike der dei dreiv eit lite småbruk og eit landhandleri. Her freista dei

å leve så sjølvfungerande som mogleg medan fleire av dei pendla inn til storbyen. Dette livet gjekk i fred og ro over lang tid heilt til det eksploderte ein dag på hausten 2008. Coupat, saman med kjærasten og fleire andre, vart arrestert for mistanke om sabotasje på den franske høgfarbana TGV, noko som hadde fått toga til å stå stille og som hadde lamma heile det nordlege Frankrike fleire gongar i løpet av hausten. Coupat (med eit namn som liknar veldig på ordet «coupable» og som vert sett på som hjernen bak det heile) vart med venane sine dei fyrste til å teste ut det nye post-WTC-regelverket: Dei vart sikta for terrorisme utført av ei gruppering som vart skildra av innanriksministeren som «l'ultra-gauche, mouvance anarcho-autonome»¹. Førelsingane min vart på grunn av dette prega av stadige avbrot med appellar for terroristen Coupat. Han hadde aldri skadd eit menneske, hadde aldri truga eit liv, men han fekk det samtidige samfunnet til å reagere, og det med dei kraftigaste reiskapane dei har: antiterrorssystemet. Han fekk ein reaksjon fordi han hadde ramma systemet der det likar det minst, i profittåra.

Eg veit ikkje kva dette tyder, eg veit ikkje eingong om

dette kvalifiserer til eit reisebrev, og det er framleis ikkje klart om Coupat er coupable, men eg veit at han, der- som han gjorde det, klarte noko som hundretusenar av studentar ikkje klarte på eit heilt år, det nesten ein million demonstrantar frå heile det franske samfunnet ikkje klarte ein kampfull vårdag i april: å få fram ein reaksjon.

Filosofisk sett er ikkje dette irrelevant, særleg ikkje når det gjeld sjølve livsvilkåra til den akademiske filosofien i den moderne filosofiens opphav: det er ein kamp for eksistens og ein eksisterande kamp, ei historie eg ikkje kan vere ein statist i. Det som slår meg som filosofistudent overfor ein slik politisk situasjon er at eg på ein måte lengtar attende til ein mai 68, ein vår eg aldri har opplevd eller som eg aldri har hatt noko forhold til. Det vert feil å seie at mai 68, sjølv om det hadde store konsekvensar for samfunnet, var ein suksess. I alle høve i den forstand at ideala vart realiserte. Det er i grunn irrelevant. Viktigare er det å peike på at Marx sin 11. tese om Feuerbach hadde eit konkret innhald, og vart teken på alvor som møtepunkt mellom filosofi og verda. Så kan dei faktiske konsekvensane verta dømt av tida som kjem.

NOTER

¹«ultra-venstre, ei anarko-autonom rørsle»

FILOSOFIQUIZ

1. Žižek ble magister i filosofi med en avhandling om tre franske poststrukturalistiske tenkere. Hvilke?
2. Hvilken diagnose tillegger Žižek dagens ideologiske landskap?
3. Ifølge Žižek er det ikke filosofens oppgave å forklare verden. Hva mener han oppgaven i stedet er?
4. I hvilken vitenskapsgren har Žižek doktorgrad, foruten i filosofi?
5. Hvilken bok regnes som Žižeks gjennombruddsbok?
6. Hva er den første historiske handlingen hos Marx?
7. Hva er grunnen til at politisk radikale bønder avviser kong Arthurs hevd på kronen i Monty Python and the Holy Grail?
8. Hva mener Žižek om den marxistiske forståelsen av ideologi som falsk bevissthet?
9. Hva er ifølge Žižek forskjellen på det eksplisitte politiske budskapet og den virtuelle teksturen i The Sound of Music?
10. Hvilket politisk parti stilte Žižek til valg for som Slovenias president?
11. Hva heter den siste filmen Žižek har stilt opp i?
12. For hvilken tenker er «speilstadiet» et sentralt begrep?

- SVAR
- 1: Ustrekning i tid og rom.
 - 1: Derrida, Lacan og Foucault
 - 2: Dagens ideologi er ifølge Žižek preget av to former for fetisjisme; den liberale og den fascistiske.
 - 3: Kritik av våre ideologiske forutsetninger
 - 4: Psykanalyse
 - 5: The Sublime Object of Ideology, publisert i 1989
 - 6: Produksjonen av midler for å tilfredsstille de grunnleggende behov
 - 7: «Strange women lying in ponds distributing swords is no basis for a system of government. Supreme executive power derives from a mandate from the masses, not from some farcical aquatic ceremony»
 - 8: Han følger Althusser's kritikk, og hevder ideologi er bevissthet – ikke sann bevissthet, som er umulig, men den eneste formen for bevissthet vi kan oppnå.
 - 9: Overflaten er antifascistisk, mens den virtuelle teksturen er fascistisk.
 - 10: Liberalna demokracija Slovenije, er ikke ubetydelig liberalt parti. Bak de fire som ble valgt til denne posten kom Žižek på en uheldig dog respektabel femteplass (ja, hele fire personer ble valgt til president samtidig).
 - 11: Examined Life
 - 12: Jacques Lacan